

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/18	033	05.03.2018	14.03.2018	JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2017

Forslag til innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2017 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2017. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2017.



Jostein Støylen
Dagleg leiar



ÅRSMELDING
FOR
KONTROLLUTVALET
2017
SANDE KOMMUNE

1. INNLEIING

1.1 Heimel

Ansvar for tilsynet med kommunen er lagt til kommunestyret, jfr. KommuneLOVA § 76. Ordninga med kontrollutval i kommunen er heimla i kommuneLOVA § 77 nr 1.

Oppgåvene til kontrollutvalet er heimla i KommuneLOVA § 77 og i forskrift om kontrollutval.

1.2 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal på **vegne av kommunestyret** føre det løpande tilsynet med forvaltninga i kommunen.

Kontrollutvalet sitt formål er todelt. Den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen. Den andre rettar seg mot utføringa av revisjonsoppgåvene (rekneskap og forvaltningsrevisjon). Kontrollutvalet må og basere seg på det arbeid som blir utført av revisjonen.

I kommuneLOVA seier og at tilsyn og kontroll skal skje i alle kommunale organ, folkevalde og administrative, og dei har eit **sjølvstendig ansvar** for tilsyn og kontroll på sine områder.

1.3 Kontrollutvalet sin plass i organisasjonen

Det **direkte underordningsforholdet til kommunestyret** medfører at kontrollutvalet har ein **uavhengig** ståstad i høve til andre kommunale politiske og administrative organ. Det er **berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet**. Kontrollutvalet er det organet som i praksis utfører det generelle tilsynsansvaret som ligg til kommunestyret.

Kontrollutvalet har då fylgjeleg **ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret**, men det hindrar ikkje utvalet i å kunne **uttale seg** om kommunestyret er i ferd med å gjere eller har gjort eit ulovleg vedtak.

Kontrollorgana må vere **fristilte i høve til dei som skal kontrollerast**, dersom kontrollen skal vere truverdig.

1.4 Kontrollutvalet si samansetjing

For valperioden 2015 – 2019 har kontrollutvalet slik samansetjing:

Leiar:	Olav Myklebust
Nestleiar:	Linda Solveig Dyrhol
Medlem:	Wenche Gjerde Sætre
Medlem:	Aina Strand
Medlem:	Asbjørn Støylen

1. varamedlem:	Torbjørn Rekdal snr.
2. varamedlem:	Madeleine Hauge Hide
3. varamedlem:	Leiv Sindre Muren
4. varamedlem:	Kari Ristesund
5. varamedlem:	Åshild Nes Myklebust

Olav Myklebust er kommunen sin representant i styret for Vest kontroll med Linda Solveig Dyrhol som vara.

2. MØTER, SAKSBEHANDLING OG SAKER

2.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet har i 2017 hatt 5 møte og behandla 47 saker. Ei oversikt over sakene følgjer under. Møtebøkene frå utvalet sine møte vart sende til kommunestyret som melding etter kvart.

2.2 Saksbehandling/rolle

Kontrollutvalet sine oppgåver etter lov og forskrift

Oppgåver ved rekneskapsrevisjon
Oppgåver ved forvaltningsrevisjon
Selskapskontroll
Særlege oppgåver

Sekretariatet

Vert ivareteken av Vest kontroll. Medlemskommunane i samarbeidet er: Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy og Ørsta.

Revisjonen

Revisjonen vert ivareteken av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Revisjonen sitt arbeid og tilhøve revisjonen tek opp eller informerer om vil framleis vere tilhøve i kontrollutvalet sitt arbeid. Utgangspunktet for revisjonsarbeidet er at det skal rettast mot dei risikoutsette områda i kommunen.

Kontrollutvalet og revisjonen har inngått skriftleg samarbeidsavtale etter delegasjon frå kommunestyret.

Rådmannen

har innanfor kontrollutvalet sitt mynde ikkje høve til å instruere eller avgjere noko overfor sekretariatet. Eit godt samarbeid med rådmannen er viktig for felles forståing og best mulig resultat og læring.

2.3 Saker i året

Møte 01-17 – 15.03.2017

<i>Saksnr.</i>	<i>Tittel</i>	<i>Status</i>
01/17	Godkjenning av innkalling og sakliste.	Ferdig
02/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	Ferdig
03/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2016	Ferdig
04/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig
05/17	Meldingar	Ferdig
06/17	Neste forvaltningsrevisjonsprosjekt	Porsjekt 1 vert Tidleg innsats Prosjekt 2 vert Tenesteyting heimesjukepleia
07/17	Møteplan 2017	Ferdig
08/17	Kontrollrapport – Årsmelding 2016 Skatteoppkrevjarfunksjonen	Ferdig
09/17	Årsmelding kontrollutvalet 2016	Ferdig
10/17	Orienteringsmøte Kvamsøy oppvekstsenter - rapport	Ferdig
11/17	Fleirbrukshallen på Larsnes	Saka vart trekt då rådmannen som skulle orienterer, var sjuk Sjå sak 21/17
12/17	Møteprotokoll – val av underskrivar	Ferdig

Møte 02-17 – 03.05.2017

13/17	Godkjenning av innkalling og sakliste.	Ferdig
14/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	Ferdig
15/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig
16/17	Meldingar	Ferdig
17/17	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2016	Ferdig
18/17	Rekneskapen med årsmelding 2016 Sande næringsforum	Ferdig
19/17	Kommunerekneskapen med årsmelding 2016	Ferdig
20/17	Underskrift av møteprotokollen	Ferdig
21/17	Fleirbrukshall på Larsnes – Orientering frå rådmannen	Ferdig

Møte 03-17 – 05.09.2017

22/17	Godkjenning av innkalling og sakliste.	Ferdig
23/17	Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig
24/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig
25/17	Meldingar	Ferdig
26/17	Oppfølging av SA 36/16 Forvaltningsrevisjonsrapport Barnevern tiltak – tilsyn - rutinar	Ferdig
27/17	Underskrift av møteprotokollen	Ferdig

Møte 04-17 – 19.10.2017

28/17	Godkjenning av innkalling og sakliste	Ferdig
29/17	Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte	
30/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig
31/17	Tilsynsrapport kommunalt beredskap	KU ber rådmannen om korrespondansen med Fylkesmannen om korleis avvika er lukka. KU ber rådmannen sende over Risiko og sårbarheitsbildet. Jf sak 43/17
32/17	Budsjett for kontrollutvalet 2018	Ferdig
33/17	Orienteringar frå rådmannen om brannvern og permisjonsreglement.	Ferdig
34/17	Økonomirapport per 31.08.2017	Ferdig
35/17	Bruk av hasteparagraffen	Jf. Sak 46/17
36/17	Offentligheit i kommunal sektor	Spørsmål til rådmann og ordførar. Jf. Sak 44/17
37/17	Selskapskontroll av SSR IKS	Går inn for dette, men avventar andre eigarkommunar sitt vedtak
38/17	Revisjonsplanlegging 2017 – Finansiell	Ferdig

	revisjon	
39/17	Underskrift av møteprotokollen	

Møte 05-17 – 22.11.2017

40/17	Godkjenning av innkalling og sakliste.	Ferdig
41/17	Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig
42/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig
43/17	Meldingar	Ferdig
44/17	Offentligheit i kommunal sektor	
45/17	Forvaltningsrevisjonsprosjektet tidleg innsats	Kommunestyresak PS 02/18 den 06.02.2018
46/17	Bruk av hasteparagraffen - tilbakemelding	Ferdig
47/17	Underskrift av møteprotokollen	Ferdig

Det vert vist til kommunestyret sine møteprotokollar for saker frå kontrollutvalet som har vore behandla der.

3. MEIR OM KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER

3.1 Omfang og avgrensing

Kontrollutvalet sine oppgåver er nærare lista opp i forskrift om kontrollutval kap. 3 til kap. 7.

3.2 Oppgåver

3.2.1 Alminnelege reglar om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver. Kap. 3 i forskriftene.

§ 4. Tilsyn og kontroll.

Kontrollutvalet har, med dei tilgjengelege ressursar dei har hatt, ført tilsyn med forvaltninga og revisjonen.

§ 5. Henting av opplysningar

Utvalet har fått alle opplysningar dei har bede om.

3.2.2 Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon. Kap 4 i forskriftene.

§ 6 Rekneskapsrevisjon.

Kommunen sin årsrekneskap for 2016 som har vore avlagde i året, har vore revidert av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Så langt kontrollutvalet kjenner til var lover, forskrifter og standar for revisjon følgde.

Revisor har gitt skriftlege og munnlege orienteringar om arbeidet sitt til kontrollutvalet.

17/17	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2016
-------	---

§ 7 Uttale om årsrekneskapet

18/17	Rekneskapen med årsmelding 2016 Sande næringsforum
19/17	Kommunerekneskapen med årsmelding 2016

§ 8 Oppfølging av revisjonsmerknader.

Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om merknader som ikkje er følgt opp.

3.2.3 Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon. Kap. 5 i forskriftene.

§ 9 Forvaltningsrevisjon

Det er kommunestyret som i siste instans skal sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon.

§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2019 vart behandla i kontrollutvalet i sak 34/16 og kommunestyret PS 90/16.

§ 11 Rapportar om forvaltningsrevisjon.

”§ 12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar.

26/17	Oppfølging av SA 36/16 Forvaltningsrevisjonsrapport Barnevern tiltak – tilsyn - rutinar
-------	---

3.2.4 Selskapskontroll. Kap. 6 i forskriftene.

§13 Selskapskontroll.

Plan og retningsliner for selskapskontroll for perioden 2016 – 2019 vart behandla i kontrollutvalet sak 35/16, og i kommunestyret PS 91/16.

§ 14 Selskapskontrollens innhald.

Kontrollutvalet skal sjå til det vert ført kontroll med forvaltninga av interessene ved å eige i dei selskap som er omfatta av slik kontroll, i dette kontrollere om den som utøver kommunen si interesse ved å eige i selskapa gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og vilkår(eigarskapskontroll). Selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon.

§ 15 Rapportering om selskapskontrollen.

Kontrollutvalet har ikkje behandla egne selskapskontrollar i året.

Kommunestyret vedtok i sak PS 77/16 Rutine for eigarskapsstyring.

Når tilhøva no er lagt til rette vert det forventa at kommunen framover fylgjer opp kommunestyresak 77/16 på ein tilfredsstillande måte. Det vart ikkje gjort i 2017.

3.3 Tilsynsrapportar frå fylkesmannen/statlege tilsyn

31/17	Tilsynsrapport kommunalt beredskap
-------	------------------------------------

3.4 Orienteringsbesøk

Kontrollutvalet har ikkje vore på orienteringsbesøk i 2017.

10/17	Orienteringsmøte Kvamsøy oppvekstsenter i 2016 - rapport
-------	---

Kontrollutvalet i Sande kommune, 14.03.2018.

Olav Myklebust
Leiar i kontrollutvalet

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest Kontroll